

OPENHEITSLOVA

Aktsemdsvurdering og utgreiing

Om Engelsen Entreprenør	2
Retningslinjer og rutinar.....	2
Risikovurderingar.....	2
Tiltak	3

Arbeidsrett, bærekraft og åpenhetsloven



Om Engelsen Entreprenør

Engelsen Entreprenør er ein erfaren entreprenør med lange tradisjonar på Stord. Me har som målsetjing å vere den leiande betongentreprenøren i Sunnhordland, men skal og vere ein betydeleg marknadsaktør innaføre hovud- og totalentreprisar.

Vårt marknadsområde strekkjer seg over heile Sunnhordland, og me tek oppdrag både for offentlege og private aktørar. Innan privat næringsliv har me lange tradisjonar innan bygg- og anlegg, industri og oppdrettsnæring.

Engelsen Entreprenør har 36 tilsette, der dei aller fleste har fagbrev i betongfaget. Me har og høgt kompetente anleggsleiarar og ingeniørar, og skal vere ein kompetanseleverandør innan vår marknad. Verksemda er medlem i EBA (Entreprenørforeningen Bygg og Anlegg), har sentral godkjenning innan våre tenestoområde og er godkjend læreverksemd.

Engelsen Entreprenør leverer tenester innan betongarbeid, total- og hovudentreprisar, saging og boring i betong samt kranbil-/transporttenester.

Retningslinjer og rutinar

Engelsen Entreprenør har utarbeida prosedyrar som beskriv korleis me skal handtere og sikre arbeids- og menneskerettar, samt detaljerte etiske retningslinjer som vert gjeldande for verksemda internt, i leverandørkjeda og andre forretningssamband.

I tillegg er rutinar knytt til vår sertifisering som Miljøfyrtårn omfatta av kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø for verksemda sjølv, og for dei leverandørar me nyttar.

Risikovurderingar

I våre risikovurderingar er det per dags dato ikkje avdekka negative konsekvensar eller vesentleg risiko på grunnleggande menneskerettar, eller anstendige arbeidstilhøve.

Likevel ser ein at det kan vere vanskeleg å avdekke arbeidstilhøve, og ivaretaking av menneskerettar langt ut i leverandørkjeda, i tillegg til at vår påverkningsgrad minkar dess lengre ut i kjeda ein kjem. Dette har stort fokus hjå oss, og er ein del av kontinuerleg vurdering ved val av leverandørar og produkt.

Tiltak

Engelsen Entreprenør har etablert prosedyre for handtering av Openheitslova. I tillegg har ein revidert administrative vedtekter som gjeld ved innkjøp og inngåing av kontraktar med leverandørar og underentreprenørar. Desse tydeleggjer krav til arbeidsmiljø, lønstillhøve og menneskerettar. Prosedyre for innkjøp er og revidert for å etterleve krava i Openheitslova.

Ved innleige av personell skal berre godkjende leverandørar nyttast, der Engelsen Entreprenør har kontrollert løns- og arbeidsvilkår opp mot gjeldande krav. Ein krev full openheit når det gjeld dokumentasjon av løns- og arbeidsvilkår hjå leverandørane sine tilsette. I tillegg har me full openheit mot våre tillitsvalde som skal sjå til at vilkåra er i samsvar med gjeldande regelverk.

Risikovurderingar og verdikjedekartlegging vert gjennomgått og oppdatert minimum ein gong i året.

Stord, 4. juni 2025



Andre Engelsen Milje
dagleg leiar
Engelsen Entreprenør as

